



Møte i Studentparlamentet

Nr. 5/22-23

Onsdag 01. mars 2023

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 47 – 22/23: Opprop og val av møteleiiing	3
Sak 48 – 22/23: 48.1 Godkjenning av innkallinga	3
Sak 48 – 22/23:48.2 Godkjenning av sakslista	4
Sak 48– 22/23:48.3 Godkjenning av referat frå møte 25.01.23	4
Sak 49 – 22/23:Orienteringar	5
Sak 50 – 22/23: Resultat frå Studiebarometeret 2022	6
Sak 51 – 22/23: Styresamansetjinga i SiVolda	7
Sak 52 – 22/23: Besøk frå NSO	9
Sak 53 – 22/23: Val av delegasjon til NSO landsmøte	10
Sak 54 – 22/23: Komité for endring av styringsdokument	11
Sak xx – 22/23: Eventuelt	12

Sak 47 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Namneoppop

Val av møteleiing

AU sitt forslag til vedtak:

- Andrine Kompen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Nikolai Skaug og Ammy Bolme er dagens teljekorps

Sak 48 – 22/23: 48.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 48 – 22/23: 48.2 Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 01.13.23	*	Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	47	Opprop og val av møteleiar	V	Ordstyrar
	48	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	49	Orienteringar	O	Leiar
16.50	50	Resultat frå Studiebarometeret 2022	O	Leiar
17.20	51	Styresamansetjinga i SiVolda	V	Velferd
17.40		Pause	O	
17.55	52	Besøk frå NSO	O	Nestleiar
18.30	53	Val av delegasjon til NSO landsmøte	V	Fagansvarleg
18.40	54	Komite for endring av styredokument	V	Nestleiar
18.50	xx	Eventuelt		
19.00		Møtekritikk, møteslutt		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Sak 48– 22/23: 48.3 Godkjenning av referat frå møte 25.01.23

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Referat frå møte i Studentparlamentet 25.01.23

Studentparlamentet godkjenner møterefaratet frå sist møte.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 25.01.23

Sak 49 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Nytt fadderstyre – jobbar framleis med rekruttering (Trond)
- Gjennomført studentloppemarknad 14.02. (Nikolai)
- Tilsetjing av 3 nye dekanar er i prosess (Ammy)
- Leiingsmøte, tok opp sak om finansiell situasjon til Studentparlamentet (trond)
- Møte med Arild Hermstad, leiar for MDG (Trond)
- Innspel på korleis vi skal bruke dei 100.000 kr. Blir vedtakssak til neste møte! Sjå vedlagt oversikt. (Trond)
- Parkeringssituasjon på Høgskulen (Ammy)
- Miljøfyrtårn (Marit)
- SAIH (Preben)
- Gerd Mette Vatne Drabløs er ny studiedirektør

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 50 – 22/23: Resultat frå Studiebarometeret 2022

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim
Vedlegg: Presentasjon blir sendt på epost

Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim vil presentere resultatene for årets Studiebarometer og det blir opne for spørsmål, innspel og kommentarar.

Bakgrunn

[Studiebarometeret](#) er ei årleg, nasjonal spørjeundersøking som blir sendt ut til over 70 000 studentar kvar haust. Undersøkinga går ut til 2. og 5. årsstudentar, og kartlegg kva studentane meiner om kvaliteten på studieprogramma og studiestaden. Målet med Studiebarometeret er å styrkje arbeidet med kvalitetsutvikling i høgare utdanning, og gi nyttig informasjon tilbake til både studentar, lærestadane, forskingsmiljø og media.

Studentundersøkinga Studiebarometeret starta i 2013. Undersøkinga vart sett i gang av KD – Kunnskapsdepartementet, og blir utført av NOKUT – Nasjonalt Organ for Kvalitet i Utdanninga. Undersøkinga skal dekkje fleire føremål, som å gi informasjon om studiekvalitet til studentar og søkjarar, bidra til å styrkje kvaliteten på norske lærestadar, og vere tilgjengeleg for forvaltning, forskning og media.

Det at resultatene av Studiebarometeret blir samla i ein portal, gjer det mogleg å samanlikne studieprogram på tvers av utdanningsinstitusjonar. Det er krevjande å definere kva omgrepet studiekvalitet skal romme, og dermed også korleis det kan målast. Studiebarometeret sitt oppsett, spørsmålsformuleringar og metode har møtt noko fagleg kritikk, der det dei siste åra har blitt teke til ordet for [fornye eller forbetre undersøkinga](#), noko NOKUT også varslar at vil skje i løpet av 2024. Likevel er det overordna brei semje i høgskule- og universitetssektoren om at Studiebarometeret er ei viktig kjelde til informasjon om studiekvalitet.

For at undersøkinga skal vere nyttig, er det avgjerande med høg svarprosent. HVO har prøvd ulike premieringar til studentar/studentkull for å auke svarprosenten, og har jamt over hatt høgare svarprosent enn landssnittet.

Høgskulen i Volda har omtala årets resultat her: <https://www.hivolda.no/nyhende/volda-studentane-meir-nogde-enn-resten-av-landet>

Finn meir om resultat og statistikk på www.studiebarometeret.no.

Sak 51 – 22/23: Styresamansetjinga i SiVolda

Type sak: Diskusjons-/vedtakssak

Saksframleggar: Jenny Nystad

Studentparlamentet er valkrins for val av medlemmar i styret til SiVolda – Studentsamskipnaden i Volda. Styreleiar i SiVolda, Jenny Nystad, vil orientere om dagens ordning for val av styre i SiVolda, og diskutere behovet for å innføre nye føringar.

Forslag til vedtak frå AU

1. Studentparlamentet får lagt fram sak til neste møte med forslag om endring av valreglementet
2. Ny tekst vil ha til intensjon at berre studentar ved Høgskulen i Volda er valbare til styret i SiVolda, og at Studentparlamentet gjennomfører suppleringsval når styremedlemmar/varamedlemmar sluttar som student ved HVO.
3. Studentparlamentet viser til Forskrift om studentsamskipnader §6, tredje ledd, og vel på bakgrunn av denne å avsetje to av dei sitjande varamedlemmane i styret i SiVolda, grunngjeve med at dei ikkje lenger er studentar ved Høgskulen i Volda.
4. Studentparlamentet gjennomfører suppleringsval på to varaplassar til styret i SiVolda

Bakgrunn

Styret i SiVolda har det overordna ansvaret for drift og utvikling av Studentsamskipnaden og deira breide velferdstilbod ut til studentane i Volda, slik som studentbustader, studentbarnehage, drift av kantine og Studenthuset Rokken, studenthelseteneste, rådgivingsteneste med meir.

Styret består av 5 medlemmar, der dei studentvalde medlemmane utgjer fleirtalet på 3 personar.

Styret for studieåret 22-23 er sett saman slik:

- Styreleiar Jenny Nystad (valt av studentane)
- Nestleiar Severine Riise Eidem (valt av studentane)
- Styremedlem Daria Jermacane (valt av studentane)
- Styremedlem prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim (valt av HVO)
- Styremedlem Malen Renate Sætre (valt av tilsette i SiVolda)
- 1. varamedlem for studentane Calvin T. Berget (ikkje lenger student ved HVO)
- 2. varamedlem for studentane Ida M. Ulvestad (ikkje lenger student ved HVO)
- 3. varamedlem for studentane Andrine Kompen
- Vara HVO rektor Johann Roppen

- Vara SiVolda Jon Petter Lied

Styret i SiVolda har opplevd nokre utfordringar knytt til styresamansetjinga og varalista i år. To av varamedlemmane til styret er ikkje lenger studentar ved Høgskulen i Volda. Overordna lov og forskrift stiller ingen krav til at styremedlemmar i samskipnadane må vere studentar ved studiestaden samskipnaden er tilknytt. Men det er fullt mogleg at vi lokalt kan vedta denne type krav/føresetnader for å inneha styreverv.

Styreleiar Jenny Nystad i SiVolda viser til §3 i forskrift om studentsamskipnader, der det står at studentorganet har ansvar for val av nye styremedlemmar. Og til §6 tredje ledd, "*Studentenes styremedlemmer kan avsettes etter tilsvarende prosedyre som i §3. For slikt vedtak kreves 2/3 flertall.*" Jenny Nystad føreslår på bakgrunn av dette at Studentparlamentet avset sitjande varamedlemmar som ikkje lenger er studentar i Volda, og supplerer styret med 2 nye varamedlemmar

Styret for SiVolda har dei siste åra blitt valde på mars-møtet i Studentparlamentet, og tiltrer i august komande studieår. Grunnen til at valet har vore lagt til mars-møtet, er for å unngå at promotering av valet konkurrerer direkte med val til nytt AU. Men det er ope å diskutere om vi bør endre på dette. Vidare har AU fleire punkt det kan vere nyttig at Studentparlamentet drøftar:

- Korleis rekruttere dei rette studentane inn i dette viktige styrearbeidet?
- Korleis bør Studentparlamentet gjennomføre valet, og på kva tidspunkt?
- Er det andre føringar som kan vere aktuelle å leggje på kven som er valbare til styret i Samskipnaden? Enkelte andre studiestader har t.d. restriksjonar på om du kan vere leiar i Studentparlamentet og samstundes sitje i styret eller vere leiar for samskipnadsstyret
- Behov for tettare dialog mellom styret i SiVolda og Studentparlamentet
- Behov for tettare lenke mellom dei frivillige på Rokken, styret i Studentsamfunnet, styre og administrasjon i SiVolda og Studentparlamentet

PAUSE

Sak 52 – 22/23: Besøk frå NSO

Type sak: Orientering-/diskusjonssak

Saksframleggar: Nestleiar

Vi får besøk av Maya-Katrin Skjeldal, velferds- og likestillingsansvarleg i NSO – Norsk Studentorganisasjon. Ho er kontakten vår i AU i NSO, og vil fortelje litt om NSO sin nasjonale politikk, dagsaktuelle saker og komande saker til Landsmøtet 14.-16. april.

Sak 53 – 22/23: Val av delegasjon til NSO landsmøte

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Velferdsansvarleg

NSO sitt landsmøte finn stad helga 14.-16. april i Tønsberg. For studentar som ikkje har delteke på landsmøte før, er det også tilbod om eit formøte 13. april.

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har 3 delegatplassar til landsmøtet. I tillegg kan vi sende 1-2 observatørar.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel 3 delegatar og 3 varaer til NSO LM i Tønsberg 14.-16. april 2023. 1. vara blir med på møtet som observatør.

Bakgrunn

Landsmøtet er Norsk Studentorganisasjon sitt høgaste organ, og det er her organisasjonen meistar ut sin nasjonale politikk og tek sine viktigaste avgjerder. Kva skal vere norske studentar sine viktigaste nasjonale kampsaker i året som kjem? Kven skal leie organisasjonen?

Landsmøtet blir arrangert i april kvart år, og består av representantar frå alle medlemslaga til NSO. LM er eit høgdepunkt i året i studentdemokratiet. Det er svært lærerikt, sosialt og spanande å delta på LM, men krev også konsentrasjon. Dei som reiser må rekne med lange dagar og mange saker å halde styr på, men også mykje energi og leven. Å treffe andre engasjerte studentar rundt om på andre institusjonar bidreg til nye impulsar, nettverk og erfaring å ta med seg vidare.

[NSO sine nettsider](#) har oppdatert info om landsmøtet og sakene som skal opp. Frist for å melde på delegasjonen 3. mars. Endelege sakspapir blir sendt ut 17. mars. Frist for å sende inn forslag til resolusjonar/uttalar er 13. mars.

Studentparlamentet i Volda har tre delegatplassar på landsmøtet. Delegatane får dekt alt av kostandar til reise og opphald gjennom NSO. Studentparlamentet har i tillegg tradisjon for å sende ein observatør til landsmøtet som vi kostar sjølv. Vi brukar å sende ei blanding av medlemmar frå AU og parlamentet, og det er naturleg å gi plass til leiar og/eller nestleiar i delegasjonen.

Sak 54 – 22/23: Komité for endring av styringsdokument

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Nestleiar

Studentparlamentet har ei rekkje styringsdokument:

- Vedtekter (sist endra 30.03.22)
- **Valreglement (sist endra 28.04.21)**
- Etske retningslinjer (sist endra 24.11.21)
- **Stillingsomtalar for AU (sist endra 29.10.20)**
- Stillingsomtalar for styret i Fadderveka (sist endra 30.03.22)
- 4-årig prinsippprogram 22-26 (vedtatt 30.03.22)
- Årleg arbeidsprogram 22-23 (vedtatt 02.11.22)
- Forretningsorden (sist endra 30.11.22)

Styringsdokumenta er opne for endring kvart år dersom medlemmar i Studentparlamentet eller i AU ønskjer å setje dei på dagsorden.

AU ønskjer å setje ned ein komite som kan sjå over styringsdokumenta og kome med ei innstilling til eventuelle endringar til neste parlamentsmøte. AU ser særleg behov for å revidere stillingsomtalanane for AU, og at valreglement blir gjennomgått for eventuelle endringar. Ved opning av valreglementet, kan det også vere naudsynt å opne vedtektene, slik at dokumenta til ei kvar tid stemmer overeins med kvarandre.

Forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet vel inntil 5 studentar til komité for endring av styringsdokument. Komiteen legg fram si innstilling til neste møte, 29.03.23.
2. Nestleiar Ammy Bolme blir ein av dei 5, og vil leie arbeidet.

Sak xx – 22/23: Eventuelt

Type sak: Orientering/diskusjonssak

Saksframleggar:

Møtekritikk etter formell møteslutt.